

FJÆRLAND

Bygdautvalet i Fjærland
6848 Fjærland

Bygdautvalet er eit upolitisk organ som skal arbeida med spørsmål som gjeld utviklinga i Fjærland

NVE
Pb 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Høyringsuttale frå Bygdautvalet i Fjærland

Uttalen gjeld generelt alle vasskraftutbyggingane i Fjærland som no er på høyringsuttale.

Sogndal kommune fekk i 2006 utarbeidd ein samla vurdering av småkraft i Fjærland, i samarbeid med Sognekraft AS og Småkraft AS. Bygdautvalet meiner at ein må leggja avgjerande vekt på denne heilskaplege rapporten i vurderinga av dei omsøkte prosjekta. Alle dei omsøkte prosjekta er omtalt og vurdert i rapporten.

I høve til folketalet har Fjærland over dobbelt så mange sysselsette innan primærnæringane som landsgjennomsnittet, i all hovudsak jordbruk. Landbruksnæringa er difor svært viktig for bygda, både med tanke på busetnad og folketal men også når det gjeld ringverknader for andre næringar som t.d. reiselivet. Innteninga i landbruket er generelt under press til tross for stor produktivitetssauke. Å kunne nytte naturressursane til auka verdiskaping i landbruket kan vera det som skal til for at drifta på garden kan halde fram.

Auka merksemd om bruk av naturarven som verdiskapar er også ein av strategiane i verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane som no er under arbeid.


Reiselivsnæringa er også viktig for Fjærland. Denne næringa er i stor grad avhengig av eit aktivt landbruk i bygda som held oppe kulturlandskapet og sikrar busetjing. For fastbuande i Fjærland er også naturen og eit aktivt friluftsliv ein svært viktig kvalitet.

Bygdautvalet meiner at dei omsøkte kraftutbyggingane ikkje vil forringe opplevingane av naturen og bygda, under føresetnad av at dei planlagde omsyna til naturmangfald og estetikk i dei omsøkte prosjekta vert gjennomført.

Bygdautvalet vil sterkt oppmoda NVE om å gi konsesjon til dei omsøkte småkraftutbyggingane i Fjærland.

Fjærland, 11.mars 2014

Bygdautvalet



Terje Mundal
leiar